



ULSTEIN KOMMUNE

Plan- og bygningsavdelinga

Ag Plan og Arkitektur AS
Att. Jorunn Beate Lillebø Lande

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Dato</i>
2019/507	8472/2019	21.05.2019

MELDING OM VEDTAK - OPPSTARTSSAK - DETALJREGULERING OLSVIK HYTTEOMRÅDE

De får med dette melding om at det er gjort følgjande vedtak i sak PS 19/38:

Vedtak i teknisk utval, 09.05.2019:

Teknisk utval rår til at det vert starta opp detaljregulering av gnr. 19, bnr. 4 på Håheim, med plannamnet «*Olsvik hytteområde*» i samsvar med plan- og bygningslova (PBL) § 12-8 med to atterhald:

- At det ikkje vert lagt hyttetomter i området som i kommuneplanens arealdel ligg som LNF-formål.
- I føresegnene må det seiast noko om skilting for ålmenta sin bruk av området.

Handsaming:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

∕ Samla saksframstilling ligg ved.

Med helsing

Cecilie Roppen
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§ 18 og 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.